

Til deg som har fått opptak på bachelor i geologi og geofare,

Velkommen til oss!

Du har valgt ei bachelorutdanning med mange spennande ekskursjonar, og allereie 4. september skal du reise på ein tre-dagars tur til Sognefjellet med overnatting på Sognefjellshytta. På turen skal du lære om berggrunnsgeologien på Sognefjellet, få ei betre forståing for prosessane som formar eit alpint landskap, utforske grottene i Dumdalen og på brevandring. Det er viktig at du har med personleg utstyr for ein slik tur. Difor er det lurt at du tar med deg følgjande til Sogndal:

- Regntøy
- Skikkeleg fottøy
- Varme klede (ullundertøy, lue osv.)
- Hovudlykt
- Solbriller
- Liten dagstursekk

Dersom du har spesielle behov vi bør ta omsyn til under ekskursjonen, er det berre å ta kontakt med førelesar når du kjem til Sogndal. Då finn vi ei løysing.

I første kurs skal du også lære å bestemme mineralinnhald i forskjellige bergartar. Her treng du ei god håndlupe. Viss du vil kjøpe lupe før studiestart, bør du skaffe deg ei med minimum 10 gonger forstørring, så som desse:

[Dobbeltlupe 10-20 ganger forstørring - Naturens Mangfold AS](#)

[Luper og forstørrelsesglass fra Nikon og Opticron](#)

Du skal også bruke hammar i fleire kurs i løpet av utdanninga og der anbefaler vi ein som liknar desse:

[Hammar frå Naturhistorisk museum](#)

[Hammar frå Biltema](#)

Dersom du skal kjøpe deg ny PC tog kalkulator til studiestart, så finn du anbefaling til kva du skal kjøpe her:

[Krav til utstyr - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](#)

Har du spørsmål om sjølve studiet før studiestart eller lurar du på korleis studentlivet i Sogndal er?

Jonny vil gjerne svare deg! Han er student på Geologi og Geofare og skal ta til i 2. klasse frå hausten. Du kan kontakte ho på mobil eller e-post!



Hei! Jeg heter Jonny og studerer Geologi og geofare ved HVL. Jeg er veldig glad i å klatre, stå på ski, og spille sjakk! Jeg begynte her i 2022.

Epost: Jonnyrichey@gmail.com

Telefon: 92020348

ME GLER OSS TIL Å MØTA DEG!

Som ny student ved institutt for miljø- og naturvitskap er du velkommen til linjeforeininga (Studentforeining) Yggdrasil. Her kan dykk lese meir om Yggdrasil:

Gjekk frå to til 135 medlemmar på eitt år - Me prøver å skapa eit fellesskap



Maria Winger Delbekk, Tarjei Sundslø og Astrid Henriksen Eliassen har tatt Yggdrasil frå nedleggingsstrua foreining til suksess.
Foto: Kristin Forland

Studentforeininga var nesten nedlagd då dei tok over. No går styret av med ein stor medlemsmasse og ein solid buffer etter seg.

+ For abonnentar

– Første skuledag starta me med to medlemmar. Etter ein måned var me 103. No nærmar me oss 150 medlemmar, fortel Maria Winger Delbekk, kommunikasjonsansvarleg i linjeforeininga Yggdrasil.

Yggdrasil er ei av seks linjeforeiningar i Sogndal, og samlar studentane frå fornybar energi, geologi og geofare, landskapsplanlegging, climate change og naturfag.

Det siste året har foreininga, som nærast låg brakk, hatt ein eksplosiv vekst. Dei er no oppe i 135 medlemmar og har akkurat valt nytt styre som skal ta over neste semester.



Det avtroppande styret i Yggdrasil er stolte over kva dei har fått til det siste året. F.v.: Miriam Malik Tøftum, Knut Dalseng Øverland, Maria Winger Delbekk, Tarjei Sundsl, Astrid Henriksen Eliassen og Simen Brattås Holte. Foto: Kristin Forland

Sogn Avis er ikkje åleine om å villa vita hemmelegheita bak medlemsveksten.

- Når eg i samband med denne saka har snakka med dei i studentsamskipnaden, er dei veldig nysgjerrige på kva hemmelegheita dykkar er.

- Astrid er stikkordet, kjem det frå Knut Dalseng Øverland, og viser til leiaren av foreininga Astrid Henriksen Eliassen.

- Det er veldig hyggjeleg å høyra, men me er ein god gjeng der alle er engasjerte og har lyst til å bidra, seier leiaren sjølv.

Nedleggingstrua

- Me gjer alt som ei gruppe og me prøver å inkludera alle medlemmene, slik at me ikkje lagar eit skilje mellom oss i styret og dei andre medlemmane. Me prøver å skapa eit fellesskap, seier Eliassen.
- Og me visste kva me ville, seier økonomiansvarleg Miriam Malik Tøftum.
- *Og kva var det?*
- Frå eit økonomiperspektiv var det å få på plass ein solid medlemsmasse og å ha gode arrangement, slik at folk har lyst til å koma, seier ho.



- Du må få med slagordet vårt: hygga med ygga. Fv. Simen Brattås Holte, Miriam Malik Tøftum, Knut Dalseng Øverland, Maria Winger Delbekk, Astrid Henriksen Eliassen og Tarjei Sundsli. Foto: Kristin Forland



Høgskulen

Ved slutten av førre skuleår såg det slettes ikkje ut som om det skulle bli eit kjempeår for Yggdrasil.

Det var lite aktivitet og interesse for foreininga, og Maria, som då var ferdig med første året i Sogndal, fekk beskjed om at om ingen tok over, ville foreininga bli lagt ned.

– Då sa eg at eg kunne gjerne gjera det og valde ut eit styre. Eg kjende dei alle frå før, så eg visste kva kvalitetar alle hadde.

Maria Winger Delbekk, som har hatt rolla som kommunikasjonsansvarleg, trur suksessen til foreininga viser at behovet og ønsket om ei linjeforeining var til stades.

– Eg trur folk har sakna tilhøyrse og nokon som arrangerer fagleg innhald som er ønska av studentane, og ikkje berre gjennom høgskulen, seier ho.



Jakob Stein Krokeide er rådgiver for studentliv for Sogndal og Førde i studentsamskipnaden Saman. Han gler seg til å fortsetja å jobba med det han kallar ein ivrig gjeng studentar. Foto: Kristin Forland



– Det har vore eit kjempeår, seier han.

I fjor delte regjeringa ut 170 millionar til å følgja opp studentane etter pandemien. Høgskulen på Vestlandet fekk 5 652 000 kroner av desse. I tillegg fekk studentsamskipnadene 60 millionar kroner, der kvar samskipnad fekk eit grunnbeløp på 50 000 kroner, og der resten av pengane vart fordelte etter medlemstal.

– Det var noko av bakgrunnen for at stillinga mi vart oppretta. Etter korona var det kanskje eit behov for å bygga opp att organisasjonskulturen, seier han.

Sjølv om Yggdrasil er ein klasse for seg sjølv når det kjem til medlemsauke, ser Krokeide at det er mykje som skjer på campus.

– Det er absolutt mykje som skjer i den frivillige innsatsen blant studentane.

Gir starthjelp til det nye styret

Yggdrasil-styret har vore ivrige søkarar på midlane som kom etter pandemien. Dei har hatt eit høgt aktivitetsnivå og arrangert alt frå fagkveld om JOSTICE-prosjektet til julebord. Dei håpar det nye styret kan fortsetja arbeid, sjølv utan pandemipengar.

– Det er veldig synd at dei midla ikkje vert tilgjengelege framover, seier Tøftum.

– Men det vert viktig å fortsetja å søka på andre midlar frå fakultetet, seier ho.

Og det nye styret til ein betre situasjon enn dei sjølv gjorde.

– I fjor trudde dei at foreininga måtte leggjast ned, så då vart det ikkje søkt om noko midlar til det komande året. Då stilte me på berr bakke. No vil me søka om pengar til haustsemester, slik at dei får litt starthjelp.